

Handlingsplan mot mobbing ved Norane skule

§ 9a-1 i Opplæringslova: «Alle elevar i grunnskular og vidaregåande skular har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring».



Føreord av rektor

Norane skule skal vera ein god stad for alle. Både elevar, tilsette og foreldre skal vera trygge på skulen sin. Målretta arbeid mot mobbing, vald og rasisme skal vere eit sentralt satsingsområde for alle som er tilsette på skulen. Denne satsinga skal vise att i Norane skule si nulltoleranse mot mobbing. Me skal alle forplikta oss på eit aktivt arbeid for eit mobbefritt miljø, slik at visjonen vår *Saman om meistring* skaper verdi og meining for alle på skulen –

Opplæringslova § 9a-3, handlar om det fysiske og psykososiale læringsmiljøet til elevane:

”Skulen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremja eit godt psykososialt læringsmiljø, der den enkelte elev kan oppleve tryggleik og sosialt tilhøyr. Dersom nokon som er tilsett ved skulen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkomande snarast undersøkje saka og varsle skuleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogeleg, sjølv gripe direkte inn.”

Norane skule sin handlingsplan mot mobbing skal gi foreldre, tilsette og elevar innsikt i skulen sin beredskap for å avdekke, setje inn tiltak og førebyggje mobbing. Planen inneheld prosedyrar, tiltak og fagleg underbygging og skal fylgjast av alle tilsette ved skulen.

Saman skal me skapa ein skule der alle lærer og trivest!

Norane skule, 01.08.19

Anne Siri Bentsen (rektor)

Innholdsliste

1. Avdekking av mobbing

- 1.1 Årleg undersøking av omfanget av mobbing ved skulen
- 1.2 Vakt og tilsynsordningar
- 1.3 Kommunikasjon lærar – elev – foreldre
- 1.4 Ved mistanke om mobbing

2.0 Problemløysing av mobbesaker

- 2.1 Skulen sin prosedyre når mobbing er meldt eller avdekka (kven gjer kva)
- 2.2 Arbeid i etterkant av ei mobbesak – elevarbeid
- 2.3 Arbeid i etterkant av ei mobbesak – organisasjonsarbeid

3. 0 Førebygging

- 3.1 Skulestart
- 3.2 Sikring av skuleområde og skulevegen
- 3.3 Heim - skulesamarbeid
- 3.4 Informasjon til foreldre og skulemiljøet
- 3.5 Sosiale møteplassar
- 3.6 Relasjon lærar - elev
- 3.7 Relasjon elev – elev

4.0 Kontinuitet / sosial kompetanse og trening

- 4.1 Ansvarskjede
- 4.2 Faste tiltak i eit årshjul
- 4.3 Aktivitetskalender
- 4.4 Opplæringslova § 9A – Rutinar og prosedyrar

4.5 Årleg gjennomgang og revisjon av planen

Skulen sitt arbeid mot mobbing

Mål: «Med trivsel og tilpassa opplæring byggjer me framtida.»

”Mobbing eller plaging er når eleven gjentekne gonger og over ein viss periode, vert utsett for negative handlingar frå ein eller fleire personar. Mobbing føreset eit ujamnt styrkeforhold mellom offer og plagar.”

- Det vil seia:

- Ei negativ handling er når nokon med hensikt påfører, eller prøver å påføre, ein anna person skade eller ubehag. Det kan bli utført med fysisk kontakt, ved ord eller på andre og meir indirekte måtar.
- Ein viss ubalanse i makt og styrkjeforhold betyr at den som vert utsett for dei negative handlingane, ofte er meir eller mindre hjelpelaus overfor den som mobbar.

Skulen sitt arbeid mot mobbing vert omtala i skulen sin handlingsplan.

Planen byggjer på fire prinsipp:

1. Avdekking av mobbing
2. Problemløysing av mobbesaker
3. Førebygging
4. Kontinuitet i arbeidet - aktivitetsplikt

1. Avdekking av mobbing

Mål: Mobbing som går føre seg i og ved skulen vert avdekka

Ved god kommunikasjon mellom tilsette og elevar, mellom lærarar og foreldre og mellom rektor og skule/nærmiljø, vil Norane skule prøve å avdekkje mobbing så tidleg som råd.

Rektor:

- Behandle eventuelle klager frå tilsette ved skulen vedrørande mobbing

Kontaktlærer skal:

- Gjere undersøkingar med tanke på mobbing
- Medvite bruke elevsamtalar og foreldrekontaktar for avdekking av eventuell mobbing
- Samarbeide med dei andre tilsette på skulen og skulehelsetenesta

Alle tilsette skal:

- Uansett tid og stad plikt til å følgje med og gripe inn når det vert oppdaga mobbing. Aktivitetsplikta § 9A-4. Sjå punkt 4.3
- Utføre tilsynsplikter
- Minne / gje melding når ein kollege har gløymt tilsynsplikta si
- Straks informere impliserte kontaktlærarar når dei har observert åferd som kan vere mobbing.

1.1 Årleg undersøking av omfanget av mobbing ved skulen

Skulen skal gjennomføre to undersøkingar vedrørande læringsmiljøet i året. Det er Spekter (3.-7.klasse) og elevundersøkinga (5.-7.klasse – Udir/landsdekkjande). Det vert gjennomført eigen trivselsgransking i 1.-2.klasse. Rektor har ansvar for å leggje til rette for gjennomføringa, og kontaktlærer har ansvar for sjølve gjennomføringa. Oppfølging av undersøkingane:

- Rektor skal leggje fram resultatata av elevundersøkinga og kontaktlærer skal følgje opp det lærarane på trinnet kjem fram til.

- Elevundersøkinga vert gjennomgått på 5.-7.klasse og i elevrådet.

1.2 Vakt og tilsynsordningar

Sjekkpunkt for vakt og tilsynsordningar:

- Alle som har vakt bærer vest som gjer dei synlege både inne og ute på skuleområdet.
- Skulen skal vera eit sikkert område for alle elevar. Det skal alltid vera ein vaksen i nærleiken av elevane, som dei kan forholde seg til.

1.3 Kommunikasjon lærar – elev – føresette

Mål: Leggje til rette for at eleven sitt læringsmiljø på skulen vert så optimalt som mogeleg.

Ein av faktorane for å oppnå eit optimalt læringsmiljø er at eleven trivst på skulen. For at eleven skal trivast er det naudsynt å avdekke mobbing på eit tidleg stadium.

Kontaktlærar

- Mobbing vert teke opp i alle faste konferansetimar med elevar og føresette.
- Mobbing vert teke opp i faste elevsamtalar
- Mobbing er tema på klasseforeldremøte

Rektor:

- Mobbing som tema vert teke opp overfor alle foreldra ved skulen

1.4 Ved mistanke om mobbing

Målet: Hindre / stoppe negativ åtferd og opplevingar på tidleg stadium

Alle på skulen:

- Trinnet skal ha det som fast sak på møta der dei snakkar om elevar i faresona. Teamleiar har ansvar for å rapportere om det som kjem fram på desse møta til administrasjonen.
- Informasjonsinnhenting gjennom observasjon
- Informasjonsinnhenting gjennom samtale med den ein trur er offeret

2. Problemløysing av mobbesaker

Mål: Skulen tek ansvar og initiativ for å stoppe mobbing. Målet er at dette vert gjort på måtar som i neste omgang førebyggjer mobbing ved skulen.

2.1 Skulen sin prosedyre når mobbing er meldt eller avdekka:

Mål: Elevar, foreldre og alle som har innverknad på eleven sin skulekvardag skal vita kva ein skal gjera når elevar vert mobba på Norane skule.

- Når mobbing vert oppdaga skal kontaktlærar ha melding
- Kontaktlærar tek straks initiativ til samtale med plagar og offer. Foreldra vert informerte.
- Mobbeoffer vert innkalla først. Klassestyrar gir offeret støtte, og signaliserer at han veit kva som er skjedd. Nytt møte vert avtalt, konkret tidspunkt.

- Plagaren vert innkalla. Kontaktlæraren(ane) signaliserer at han / ho har kjennskap til det som har skjedd, men strekar under at slik åtferd ikkje er akseptabel. Plagaren får kome med sin versjon. Han / ho vert trudd, men det vert teke fullstendig avstand frå handlinga. Avtale om nytt møte innan 3 – 5 dagar
- Møte med andre lærarar som har klassen med informasjon og vidare strategi.
- Mobbar og plagar saman i møte med kontaktlærer (ane)
- Dersom mobbinga skjer på nettet, vert politiet kontakta.

Dersom ein ikkje finn løysing på problema, vert dei nye trinna slik:

- Møte mellom kontaktlærer, elevar og foreldre. Melding vert gitt til rektor (og evt. helsesøster)
- Møte mellom kontaktlærarar, elevar, foreldre og rektor (+ evt. helsesøster)

Det kan i einkilde tilfelle vera naudsynt å kontakte andre instansar utanfor skulen som PPT, barnevern, BUP, politi eller andre som kan vera ei hjelp i situasjonen.

Skulen sin fellesstrategi skal sikre at lærarar eller føresette som tek opp ei mobbesak veit at den vert teken seriøst etter retningsliner ein er blitt samde om.

Prinsippet er at problem vert løyst på så lågt nivå som mogeleg, lærarar veit når saker skal meldast vidare, og dei veit kven dei kan vende seg til dersom problema ikkje kan løysast på deira nivå.

2.2 Arbeid i etterkant av ei mobbesak - elevarbeid

Målet: Førebyggje at elevane kjem i nokre av desse rollane seinare.

Kontaktlærer skal:

- Etter at ei mobbesak er løyst, eller at det er teke affære for å endre situasjonen, vil det vere nødvendig å jobbe strategisk i forhold til dei ulike partane: mobbeofferet, mobbarane og tilskodarane.

2.3 Arbeid i etterkant av ei mobbesak - organisasjonsarbeid

Mål: Unngå at ein kjem opp i liknande saker i ettertid og finne ut kva ein kan gjera for å førebyggja at dette skjer.

Rektor skal ha ansvar for:

- Problemløysing på individnivå. Etterarbeid etter ei mobbesak kan avdekkje svake punkt i systemet, som bør endrast for å verke førebyggjande. Det er difor viktig at kvar mobbesak vert avslutta med ei evaluering der leiinga saman med aktuelle partar drøfter kva ein i organisasjonen kan lære av denne saka med tanke på å førebyggje mobbing.
- Rektor har ansvar for å kalle inn til møte.

3. Førebygging

Mål: Alle elevar i grunnskulen har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring (kap.9a-1 i opplæringslova).

3.1 God skulestart

Mål: Nye elevar skal ha så god kjennskap til rom, lærarar og medelevar som råd, slik at dei kjenner seg rimeleg trygge på skulen.

Skuleleiinga i samarbeid med kontaktlærar skal:

- Syte for eit første møte for nye elevar
- Syte for eit bli kjend møte om våren før skulen sluttar
- Passe på å få informasjon om nye elevar som skal byrje i 1.klasse. Arrangere møte for dette om våren.

Læraren skal :

- Ta opp tema om mobbing og gjere greie for korleis vi som skule arbeider for å få eit mobbefritt miljø
- Lage eigne trivselsreglar for klassen og konsekvensar for brot på desse reglane.
- Syte for at nye elevar vert godt kjende på skulen – skape tryggleik
- Opprette kontakt med foreldrekontakt

Elevrådet skal:

- Arbeide vidare med tiltak innan mobbeplan
- Bruke klasserådstimen til å snakke om mobbing, og om korleis få eit best mogeleg skulemiljø.

3.2 Sikring av skuleområdet og skulevegen

Skuleleiinga skal i samarbeid med FAU og samarbeidsutvalet:

- Samarbeide med styresmaktene om gode og trygge skuleveggar

Skuleleiinga skal:

- Lage tilsynsplan og syte for at den fungerer
- Syte for at mobbeplan vert teken opp til drøfting kvart år

Elevrådet skal:

- Drøfte og gjera seg kjend med mobbeplan
- Arbeide aktivt i klassemiljøa for ein mobbefri skule
- Kome med innspel til betringar

Alle i skulesamfunnet må hjelpe til med å passe på at tilsynet er på plass i skulemiljøet der dei er oppsette. Vi tek alle ansvar og hjelper dei som gløymer pliktene sine. Alle tilsette har plikt til å gripe inn når dei observerer at noko er gale uansett stad og tid.

3.3 Heim – skule samarbeid

Mål: Skulen og heimen skal arbeide saman mot mobbetendensar i skulen og på skulevegen.

Relasjonen mellom lærar og den einskilde elev sine føresette skal vere prega av respekt, tillit og samarbeidsvilje.

Rektor skal:

- Informere om korleis ein arbeider for å få ein mobbefri skule på første foreldremøte om hausten, og kva ein som foreldre kan gjera om ein merkar at barnet ikkje trivst på skulen. Kven ein kan ta kontakt med og kva prosedyrar ein har på skulen i slike tilhøve.

Foreldre:

- Informere skulen om det er ting som eleven strir med, som kan ha innverknad på eleven sin skulekvardag.
- Ha ei positiv haldning til skulen og ta opp frustrasjon på eit tidleg tidspunkt, slik at skulen evt. kan få høve til å gjera noko med saka.

Skulen må heile tida vere klar over at det er foreldra som har hovudansvaret for borna si oppseding, jf. § 30 i Lov om barn og foreldre ("Barnet har krav på omsut og omtanke frå dei

som har foreldreansvaret. Dei har rett og plikt til å ta avgjerder for barnet i personlege tilhøve ...Foreldreansvaret skal utøvast ut frå barnet sine interesser og behov. Dei som har foreldreansvaret, er skyldige til å gje barnet forsvarleg oppseding og forsyting. Dei skal syte for at barnet får utdanning etter evne og givnad. Barnet må ikkje bli utsett for vald eller på anna vis bli handsama slik at den fysiske eller psykiske helsa blir utsett for skade eller fare...”).

3.4 Informasjon til foreldre og skulemiljøet

Rektor skal:

- Informere foreldrekontaktane, FAU, Samarbeidsutvalet og evt. andre utval om handlingsplanen mot mobbing som gjeld ved Norane skule
- Gi orientering om korleis situasjonen er til ei kvar tid

3.5 Sosiale møteplassar

Mål: Skape sosiale møteplassar for å styrke fellesskapskjensla, og for å byggje relasjonar mellom elevane.

Administrasjon, elevråd og tilsette:

- Tiltak skulen set i verk er sosialturar (haust og vinter), bursdagsfeiring, julegraut og påskelunsj saman med barnehagen, idrettsdag, julefest og sommaravslutning. Desse arrangementa vert organisert i samarbeid mellom elevrådet, tilsette og administrasjonen. Foreldre har og ansvar for nokre arrangement (elevkveldar).

Elevrådet og tilsette ved skulen kan vere med på å arrangere mindre arrangement for å nå denne målsettinga.

3.6 Relasjon lærar - elev

Mål: Alle skal føle seg trygge på kvarandre i klasserommet og læraren skal vera ein tydeleg vaksen som eleven kan ha tillit til.

Læraren skal :

- Vera tydeleg
- La elevane bli kjende med personen, ikkje berre ”læraren”
- Respektere at elevane er ulike og ha ulike føresetnader
- Sjå til at det er klare reglar for kva som er lov og ikkje lov
- Ha faste rutinar i klasserommet

- vi er høflege mot kvarandre og hugsar å helsa
- holde avtalar om plassering
- passar på at vi har ei felles forståing av reglar
- Ha klare reglar som vernar om venskap og som oppmuntrar til å ha omsorg for kvarandre
- Arbeide med god språkbruk (god omgangstone) mellom elev til elev og mellom elev og lærar.
- Sjå til at det vert regelmessige elevsamtalar og klasse møte
- Leggje vekt på det fysiske miljøet i klasserommet for å skape trivsel og eigarskap
- Samarbeide med andre lærarar for å sikre ein felles praksis.

3.7 Relasjonen elev – elev

Mål: Alle skal kjenna seg trygge i klasserommet, på uteområdet og på skulevegen.

Eleven skal:

- Seia i frå til ein vaksen om han / ho ser nokon bli plaga eller mobba
- Bry seg om kvarandre. ”Den gylne regel”
- Vera positive i høve til kvarandre og helsa på kvarandre.
- ”Tola” å vera saman med ulike personar.
- Møte opp på ulike arrangement i regi av skulen.

4. Kontinuitet - aktivitetsplikt

4.1 Ansvarskjede

Skulen skal kontinuerleg arbeide med å førebyggje, avdekkje og stoppe mobbing.

Helsesøster, kontaktlærar og andre tilsette skal arbeide for gjere elevane betre i høve til blant anna desse måla, jf og kompetansemåla i Sosial læreplan for Norane skule og SFO.

- Etablere godt forhold til andre:
 - arbeid med venskap
 - lære å fungere i grupper
 - ta ansvar for andre (t.d. fadderordningar)
- Innlevingsevne:
 - lære å bry seg om andre
 - setje ord på kjensler når noko skjer
 - jobbe for å motverke negativ humor

- Sjølvkjensle:
 - gi mykje ros
 - fokusere på positive ferdigheiter
 - lov å synast ein er flink i noko
- Frustrasjonstoleranse:
 - takle motstand og motgang
 - tole at det vert sett grenser
- Impulskontroll:
 - Vente på tur
 - Trene på å bli samde om felles svar
- Angst toleranse
 - trene på å framføre for andre
 - trene på situasjonar ein ikkje meistrar
 - skape tryggleik i klasserommet
- Konsentrasjonsevne
 - trene på å ta i mot beskjedar
 - trene minnet
- Uthald
 - tole å arbeide med fag / emne ein ikkje har som favorittfag og fag ein ikkje meistrar så godt.

4.2 Faste tiltak i eit årshjul

For å sikre kontinuitet i tiltak for å førebyggje og avdekkje mobbing, vert faste tiltak på skulen sett inn i ein kalender. Det vert sett opp ei oversikt som følgjer skuleåret og kven som er ansvarleg for gjennomføring av dei ulike tiltaka. Jf. Aktivitetskalender

4.3 Aktivitetskalender Norane oppvekstsenter

**Eigen aktivitetsplan i Sosial læreplan for Norane skule og SFO –Saman om meistring.
Handlingsplan mot mobbing og Sosial læreplan må sjåast i samanheng.**

4.4 Opplæringslova § 9A – prosedyrar og rutinar

9A-4 Aktivitetsplikta for å sikre at elevar har eit trygt og godt skulemiljø			
Kva	Korleis	Når	Ansvar
Plikt til å følgja med	<p>Alle tilsette(skule, SFO, leksehjelp) vert informert om kap. 9A</p> <p>Tilsette har dagleg ansvar for å følgja med på korleis elevane har det på skulen. Inspeksjon i friminutta etter skulen sin inspeksjonsplan.</p>	<p>Kvart år før skulestart</p> <p>Dagleg</p>	<p>Rektor</p> <p>Alle tilsette</p>
Plikt til å gripe inn	<p>Alle som arbeider på skulen har plikt til å gripe inn ved vald, mobbing, diskriminering eller trakassering dersom ein ikkje står i fare for å skade seg sjølv eller krenke elevar for å få stogga situasjonen.</p>	Når situasjonar oppstår	Alle tilsette
Plikt til å varsle	<p>Alle som arbeider på skulen skal varsle næraste leiar, rektor, dersom ein får kjennskap eller mistanke om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.</p> <p>Rektor må dokumentere at varsel er sendt, motteke og arkivert i ESA. (Skulemiljø; varsel som gjeld elev, varsel som gjeld tilsett).</p> <p>Rektor skal varsle skuleeigar i alvorlege tilfelle, td. valdelege krenkingar, særskilt integritets-krenkande hendingar der fleire elevar alvorleg krenkar ein einskildelev, der skulen ikkje har klart å løyse ei sak, digital mobbing på tvers av skular, grove trugsmål td. på sosiale medium.</p>	<p>Når mistanke eller kjennskap oppstår</p> <p>Når det oppstår alvorlege tilfelle</p>	<p>Alle tilsette</p> <p>Rektor</p> <p>Rektor</p>

<p>Plikt til å undersøkje</p>	<p>Ved mistanke om eller kjennskap om at ein elev ikkje har eit godt skulemiljø, så skal skulen undersøkje saka.</p> <p>Undersøkinga skjer i samarbeid mellom rektor og kontaktlærer.</p> <p>Dersom føresette samtykkjer kan helsesøster og/eller PPT delta i samarbeidet om undersøkinga.</p> <p>Skal PPT involverast så må skulen sende inn tilvising på system- eller individsak til PPT.</p> <p>Undersøkinga kan innehalde:</p> <ul style="list-style-type: none"> ➤ samtale med lærar eller andre tilsette som kjenner eleven/saka godt ➤ samtale med elev som opplever krenking ➤ samtale med involverte elevar ➤ samtale med eleven sine føresette ➤ samtale med elev(ar) som det vert påstått står bak krenkande adferd og deira føresette, ev. med bruk av metoden Innblikk dersom det er relevant i saka. ➤ samtale med medelevar, ikkje om namngjeven elev, men om det generelle psykososiale miljøet i klassen eller på skulen. 	<p>Når kjennskap eller mistanke oppstår</p>	<p>Rektor og kontaktlærer</p>
--------------------------------------	--	--	--------------------------------------

	<ul style="list-style-type: none"> ➤ observasjonar, sosiaogram m.m. ➤ undersøkinga skal ende i ein konklusjon saom danner utgangspunkt for tiltak. ➤ Ved digital mobbing bør det vurderast om politiet skal koplast inn. ➤ Rektor dokumenterar undersøkinga. 		<p>Rektor</p> <p>Rektor</p> <p>Rektor</p>
Plikt til å setje inn tiltak	<p>Det skal lagast ein skriftleg tiltaksplan.</p> <p>Tiltaksplanen skal innehalde:</p> <ol style="list-style-type: none"> a. Kva problem tiltaket/tiltaka skal løyse b. Kva tiltak skulen har planlagt c. Når tiltaka skal gjennomførast d. Kven som er ansvarleg for gjennomføring av tiltaka e. Når tiltaka skal evaluerast <p>Aktivitetsplanen skal gjelde fram til eleven har eit fullt ut trygt og godt skulemiljø. Skulen skal fatte enkeltvedtak for tiltak som grip inn i rettane og pliktene til eleven, til dømes bortvising eller byte av skule.</p>	<p>Tiltak skal setjast i verk dersom ei undersøking syner at det er trong for det eller når ein elev eller føresett på vegner av eleven melder frå at skulemiljøet ikkje er trygt og godt</p>	<p>Rektor</p> <p>Rektor</p>

§ 9A-5 Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skulen krenker ein elev			
Kva	Korleis	Når	Ansvar

	<p>skulen sitt fysiske miljø, skal skulen snarast råd handsama saka som enkeltvedtak.</p> <p>Årlege vernerundar der også elevane sitt fysiske miljø vert sjekka. Sjekklister til miljøretta helsevern vert nytta.</p>	førespurnad	kommunalsjef oppvekst
§ 9A-8 Elevdeltaking i skulemiljøarbeidet			
Kva	Korleis	Når	Ansvar
Elevdeltaking	<p>Elevane skal ta del i planlegging og arbeid for eit trygt og godt skulemiljø.</p> <p>Skulane etablerer skulemiljøutval og elevråd.</p> <p>Elevråd vert etablert seinast tre veker etter skulestart</p>	Møteplan til elevrådet og skulemiljøutval	Rektor
§§9A- 10 Ordensreglementet			
Kva	Korleis	Når	Ansvar
Ordensreglement	<p>Skulen sitt ordensreglement skal gjerast kjent for elevar og føresette ved skulestart.</p> <p>Det er kun sanksjonar som er nemnde i ordensreglementet som kan nyttast.</p> <p>Viser til forskrift til ordensreglementet for kommunane Balestrand, Leikanger og Sogndal kommune gjeldande frå 01.08.19</p>	Revidering og påfølgjande høyringsrunde når det er behov for det. Sist revidert 11.april 2019.	Rektor

Tillegg:

Prosedyre for oppfølging av undersøkingar om skulemiljøet			
Kva	Korleis	Når	Ansvar
<u>Haust</u>			

<p>Elevundersøkinga til Utdanningsdirektoratet</p>	<p>Utdanningsdirektoratet (Udir) tilrår at skulane tek utgangspunkt i resultatet for heile skulen, ikkje berre for den einkilde elevgruppa.</p> <ul style="list-style-type: none"> ➤ Kjenner elevgruppa seg att i resultatet for skulen som heilskap? ➤ Kjenner dei tilsette seg att i resultata? ➤ Udir tilrår vidare at elevrådet, ei gruppe lærarar og andre tilsette og skuleleiinga analyserer resultata i fellesskap. ➤ Resultata skal presenterast for og drøftast i FAU og samarbeidsutvalet. <p>På bakgrunn av resultata og analysen, kva bør forbeistrast? Udir tilrår å velje eitt til tre forbeistringsområde. Resultatet på elevundersøkinga for kommunen som heilskap vert drøfta på lokalt nettverk for skulemiljø (rektormøte).</p>	<p>Kvar haust når resultata ligg føre</p>	<p>Rektor</p> <p>Rektor</p>
<p>Haust og vår: Spekter Ikkje-anonymt verktøy for lærarar utvikla av Læringsmiljøsentere t</p> <p>Skulen tek Spekter 3.-7.klasse</p>	<p>Spekter er eit verktøy for å føgje med på utviklinga av lærings-miljøet. Det kan også nyttast for å avdekke tilhve knytt til læringsmiljøet ved mistanke om ekller varsling om td. mobbing.</p> <p>Norane skule skal ta Spektervarianten som inneheld spørsmål om eventuell vaksenmobbing.</p>	<p>Før haustferien og før vinterferien i samband med elev- og foreldresamtale</p>	<p>Rektor</p>

<p>Sosial læreplan for Norane skule og SFO</p> <p>-Opplæringslova § 9A-1</p>	<p>Gjennomføringa av Spekter skal skje i samsvar med rettleiinga til Læringsmiljøsentret.</p> <p>Det skal lagast årsplan og månadsplan som viser arbeidet med sosial kompetanse. Dette skal visast att på eleven sin vekeplan.</p> <p>Eleven sin utvikling av sosial kompetanse skal vere med i undervegsvurdering og halvårsvurdering</p>	<p>Heile skuleåret</p>	<p>Rektor og kontaktlærer</p>
<p>Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular har som føremål å bidra til at miljøet i barnehagar og skular fremjar helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige tilhøve og dessutan førebyggjer sjukdom og skade. Forskriften har fokus både på det psykososiale og det fysiske skulemiljøet.</p> <p>Opplæringslova og forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular overlappar kvarandre og inneheld stort sett dei same overordna krava.</p>			

4.5 Årleg gjennomgang og revisjon av planen

Rektor har ansvar for at det vert gjort ein årleg gjennomgang og revidering av planen. Dette for å sjå om planen fungerer tilfredsstillande eller om det er nødvendig med revisjon.

Revidert: August 2019

Godkjent SMU: 12.09.19